

**Fra:** Alfred Bjørlo [alfred.bjorlo@gmail.com]  
**Til:** Jenny Ellaug Følling [jenny.folling@sfj.no]  
**Kopi:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; Gunhild Alis Berge Stang [Gunhild.Berge.Stang@sfj.no]  
**Sendt:** 20.08.2016 10:48:08  
**Emne:** Sakspapir til Fylkestinget 26/8  
**Vedlegg:**

Til Fylkesordføreren

Syner til innkalling til Fylkesting fredag 26. august for å handsame sal av fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 til Havila.

Eg forstår det slik at Fylkesutvalet vil bli orientert om innhaldet i avtalen i eit møte førstkomande måndag, 22/8.

Eg vil be om at de legg til rette for at vi som er "menige" Fylkestingsmedlemmer får innsyn i alle dokument i saka snarast råd etter Fylkesutvalet sitt møte måndag.

Ut frå røynslene sist haust, synst eg ein denne gongen bør gjere det som er mulig for å unngå diskusjonar om kven som har fått tilgang til kva dokument/informasjon på kva tid - og heller ikkje setje oss som sit i Fylkestinget i den vanskelege situasjonen at vi først på sjølve møtet får tilgang til store mengder informasjon som vi der og då må ta stilling til.

Eg vonar difor det blir lagt til rette for at vi kan få innsyn i all tilgjengeleg informasjon tysdag 23/8. Ein må sjølvsgt sikre prosedyrar som gjer at opplysingar som det er lovmessig heimel for å unndra offentlegheit, blir unnateke offentlegheit. Det er det standard løysingar for, som vi som sit i politiske organ i fylket er vande til å handtere.

Eg vil likevel oppmode om at ein tar i bruk prinsippet om meiroffentlegheit i så stor grad som mogleg. M a er det vanskeleg å sjå at det skal vere gode grunnar til å unndra salsprisen frå offentlegheit.

Mvh Alfred Bjørlo, fylkestingsrepresentant for Venstre